

Trond Martens Sivilarkitekt
Bragernes torg 8
3017 DRAMMEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/18717 - 21/6028

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 323/29 Frekhaug

Tiltak: dobbel garasje
Byggjestad: Gbnr: 323/29
Tiltakshavar: Ragnhild Hordvik Osmundnes
Ansvarleg søkjar: Trond Martens Sivilarkitekt

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatte teikningar av mur må sendast inn.
2. Situasjonsplan som viser tilkomst må sendast inn.
3. Støttemur utløyser dispensasjon frå regulert byggegrense i planen.
4. Støttemur krev søknad om løyve med krav om ansvarleg foretak, jf. pbl § 20-3.
5. Vi tolkar planteikningar slik at samla bruksareal(BRA)på garasje med bod er ca. 85,5 m², då kan ikkje tiltaket oppførast som mindre tiltak på bygd eigedommen i samsvar med SAK10 §3-1. Høgd på underetasje er vist på 2,8 meter. Det krev søknad etter PBL §20-1 med ansvarsrettar i regi av ansvarleg søkjar, evt. kan søkjar kome med utrekning av bruksareal for tiltaket.
6. Garasje med bruks-/bygd areal på over 50 m² skal plasserast 4 meter frå nabogrense, same med mur med høgd på over 1 meter (jf.SAK §§3-1b), 4-1d), evt. kan det sendast samtykke frå naboar på gbnr 323/509 og gbnr 323/569 for nærare avstand eller søkjast dispensasjon frå PBL §29-4.
7. Vi gjer søkjar merksam på at det ligg VA-leidningar i avkjørsle og garasje er plassert oppå leidningar.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan 28.02.21.Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ragnhild Hordvik Osmundnes	Løypetona 12 A	5918	FREKHAUG
----------------------------	----------------	------	----------

Mottakarar:

Trond Martens Sivilarkitekt	Bragernes torg 8	3017	DRAMMEN
-----------------------------	------------------	------	---------